



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 30.01.2014

Vår ref.: 2014/1489

Arkivnr.:

Kommunane i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Melding om behov for verje ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar

Vi ber om at dette brevet blir vidaresendt til den etaten i kommunen som koordinerer tilbudet til einslege mindreårige flyktningar.

Fylkesmannen overtok ansvaret frå overformyndieriet i kommunane for å opprette verjemål ved ny verjemålslov 1. juli 2013. Endringa inneber at det no er Fylkesmannen som skal oppnemne representantar og verjer. For at vi skal kunne gjere dette, må kommunen melde frå om behov for verje når einslege mindreårige flyktningar blir busette i kommunen. Dette gjeld uavhengig av buform anten det er i bufellesskap, fosterheim, institusjon eller anna.

For at Fylkesmannen skal få den informasjonen vi treng for å oppnemne verje, har vi utarbeidd eit skjema som kommunen kan nytte. Skjemaet er vedlagt.

Fylkesmannen ønskjer å få melding om busetjing så tidleg som mogleg. Dette fordi det er viktig at barn raskt får ei ny verje i geografisk nærleik. Vi ønskjer derfor at dere sender meldingsskjemaet når flyttedato for barnet er klar. På den måten kan Fylkesmannen starte prosessen så tidleg som mogleg.

Erfaringsmessig har det teke lang tid før det blir gitt melding om behov for verje for denne gruppa. Dette er særskild uheldig for barna. Vi håper med dette å medverke til at oppnemning av verje til einslege mindreårige flyktningar kan gå så raskt som mogleg.

Med helsing

Fylkesmannen i Rogaland

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Britt Gjelsvik
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Meldingsskjema om behov for verje til einslege mindreårige flyktningar

*Saksbehandlar: Britt Gjelsvik
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 61
E-post: fmrobgj@fylkesmannen.no*